

PM



## Sveio O-lags Nærløp i orientering

Tirsdag 23. august 2011

**Start:** ca 200 meter frå Mål/samlingsplass. Eit minutts startintervall mellom løparar i same løype. Nybegynnarløypa har start ved mål/samlingsplass.

**Kartet:** Kart med løyper påtrykt blir delt ut ved påmelding til løparar i løypene "Ny" og "Lett kort". Kart med påtrykte løyper i dei andre klassane/løypene blir tilgjengelege i startaugneblinken.

**Ver nøyaktig, sjekk postkodar:**

Mange postar ligg tett i fleire delar av terrenget. Skal du få løpet ditt godkjent må du vera særskild nøyaktig med å sjekka at du er på rett post.

**På gjengrodde stiar:**

August er den frodigaste og grønnaste månaden ute i skogen. Det fører mellom anna til at stiar merka på kartet kan dels ha blitt utydelege, dels er blitt gøymde under tett høgt gras, som har lagt seg over delar av stien.

**Kartet og vegetasjon:**

Kartet blei synfart og teikna i 2006. men i løpet av få år har vegetasjon og framkommelegheit endra seg i høve til fargar og markeringar på kartet.

\*Nokre hogstfelt merka av på kartet er blitt tilplanta slik at nye grantre er komne i god vekst og gjer dårlegare vilkår for o-løparar.

\*Andre "grønne" felt på kartet har høge grantre, som er blitt enda høgare. Dermed er skogbotn under grantrea blitt reinare og lettframommeleg.

**Disponer kreftene klokt:**

Terrenget er tungt å springa i på grunn av mykje nedbør og frodig undervegetasjon.

**Klatrestrekk og sprintstrekk:**

I dei tre løypene Mellom, Kort og Lett kort er det på postbeskrivelsen merka av eit "klatrestrekk" og eit "sprintstrekk". Klatrestrekket er dertil merka på kartet med stipla linje mellom dei to aktuelle postane. NB! Sprintstrekket er berre merka av i postbeskrivelsen.

God tur!

Sveio O-lag